

Simadal Sameige
v/leiar Oddmund Sæ
Austvikvegen 72
5554 Valevåg

NVE- Konesjonsavdelinga
Postboks 5091
Majorstua
0301 Oslo

Austvik 11. februar 2014

Høyring av konsesjonssøknad for Isdal pumpe og kraftverk

Statkraft Energi AS har sendt konsesjonssøknad for Isdal pumpe og kraftverk til NVE for handsaming. Grunneigarane av området rundt Isdalsvatnet ynskjer her å koma med ein uttale til utbygginga. Grunneigarane er Simadal Sameige som er eit registrert tingsrettslig sameige med tilsaman 24 eigarar med ulike partar.

Eit einstemmig årsmøte i Simadal Sameige, er i mot denne utbygginga. Dette etter lang diskusjon, moment som var med i diskusjonen: Simadal og Simadal Sameige har i dalen og på fjellet gitt store bidrag til kraftforsyninga i Noreg, med påfølgjande store inngrep i naturen. Grunneigarar i Simadal har vore restriktive til bygging i fjellet og ynskjer at området skal vera mest mogleg urørt. Isdal er i dag allereie under stort press i samband med hyttebygging i Sysendalen. Me ser med uro på auke i belastninga på dyreliv(rådyr, hjort, elg, rype m.m.) i samband med bygging og drift av pumpkraftverket. Dette i tillegg til at ein livskraftig beverstamme gjekk til grunne i etterkant av hovudutbygginga.

Om vasstanden i vatnet blir heva, vil dette få store konsekvensar for fuglelivet i område, då tenkjer me særskilt på den truga storlommen som hekkar i vasskanten av Isdalsvatnet. Tørrlegging av Kleivelva (som de kallar Isdøla over Isdalsvatnet i rapporten) kan òg få katastrofale følgjer for fossekallen og rekruttering av aureyngel til Isdalsvatnet. Yngelen er i tillegg svært utsett for temperaturendringar som kan bli ein konsekvens av utbygginga. Dette er noko de må dokumentera betre. Storlommen er igjen avhengig av auren som hovudføde. Grunneigarane bruker Isdalsvatnet til fiske av aure og me sel også garnkort. Tapping av vatn frå overføringstunnelen kan føra til spreining av røye frå Sysenmagasinet til Isdalsvatnet. Me fryktar også spreining av andre uønska organismar på denne måten, til dømes ørekyte. Isdalsvatnet er knytt saman med Svålnosvatnet gjennom elva Eitro, dei eventuelle uønska organismane kan spreia seg til dette vatnet òg. Korleis har de tenkt å løysa denne problematikken? Me synest konsekvensutredninga er mangelfull når det gjeld dette området.

Situasjonen i dag er at det er groing av alger i Isdalsvatnet som følgje av reguleringa. Denne effekten blir truleg forsterka med mindre gjennomstrømming etter bygging av pumpekraftverket .

2120 meter med røyr gater til pumpestasjonen vil skjemma landskapet, det tar lang tid før slike sår gror igjen i fjellet. Denne traséen er planlagt å gå rett gjennom eit område kor beitelaget har ei sauehegn. Det vil òg bli reduserte naturopplevingar i området i ein periode med anleggsarbeid.

Ein pumpestasjon vil medføre eit støyproblem. Noko som forstyrrar både folk og dyreliv. Isdal blir karakterisert som eit viktig viltområde av Mjøs og Overvoll, 2006. Området blir brukt til rekreasjon kor ein ynskjer fred og ro. Me har motteke teikningar på pumpebygget som er på 5x16 meter noko me meiner vil vera svært skjemmande i vasskanten.

I konsekvensutgreiinga står det at de vil bruka det nåverande massedeponiet til å oppbevare massane frå utbygginga, dette vil me ikkje ha noko av. Deponiet er visuelt øydeleggjande og me ynskjer dette fjerna frå eigedommen vår. Statkraft og Eidfjord kommune er samde om ei avslutting av deponiet(Rapport Isdalen tipp, prosjektnr 7049).

Folk går på ski og køyrer med snøscooter på vatnet vinterstid. Kva konsekvensar får pumpekraftverket for denne bruken?

Me vil på grunn av svært negative natur og miljøkonsekvensar råda NVE til å avslå søknaden i frå Statkraft Energi A/S.

Med helsing
Oddmund Sæ
- styreleiar Simadal Sameige-